



INFORMASJONSSKRIV RUNDT UNORMAL BRUK AV OBJEKT/BYGNINGAR VED ULIKE ARRANGEMENT

Sogn brann og redning vil med dette skrivet informere arrangørar og liknande som er i den situasjonen at dei innimellom brukar objekt/bygningar til anna føremål enn det som er gitt i bruksløyvet.

Etter at Sogn brann og redning vart etablert den 01.05.2011 har vi fått inn mange varsel (søknader) om bruksendring av objekt/bygningar over kortare periodar. Desse varslingane har som oftast komme inn i løpet av dei siste dagane før bruksendringa skal skje. Vi vil med dette skrivet informere om at slike varsel må sendast inn til Sogn brann og redning seinast fjorten dagar før bruksendringa blir gjort gjeldande. Dette er eit varsel til oss med informasjon om at dei brannsikkerheitsmessige forholda blir godt ivaretatt frå arrangøren/brukaren sin side. Sogn brann og redning verken godkjenner eller gir løyve til unormal bruk av objekt/bygningar, men vi kan forby slik bruk dersom vi meiner at brannsikkerheita ikkje er god nok.

Opplysningar som må sendast oss i god tid før arrangementet:

- Opplysningar om bygget med gards og bruksnummer, adresse og planteikningar med tydeleg informasjon om kvar i bygget bruksendringa skal gjelde. Det skal også vere teikna inn rømmingsvegar, plassering av sløkkeutstyr, informasjon om type varsling og liknande.
- Bruksendrings tidspunktet med dato og klokkeslett.
- Ved overnatting må det gjevast opp ca. antall og alder på brukarane.
- Namn med telefonnummer på den/dei som står ansvarlege for bruksendringa.
- Namn med telefonnummer på eventuelle nattevakter.
- Ein særskilt utarbeidd instruks for nattevaktene og brukarane.
- Dersom det er ein ansvarleg brannvernleiar på objektet/bygget skal han/ho vere informert om bruksendringa.
- I tillegg skal overordna vakt med telefonnummer 48 29 69 29 og Alarmsentralen i Florø vere informert om bruksendringa.

Dersom vi ikkje har fått desse opplysningane i god tid, eller funne dei forsvarlege nok kan de risikere att objekta/bygga får forbod mot slik bruk. Overordna vakt eller utrykkingsleiar kan umiddelbart stenge objekt/bygningar dersom dei oppdagar mangel på varsel om bruksendring eller finn at slik bruk er uforsvarleg.

Kåre Egil Skjerven
-leiar førebyggjande-
Sogn brann og redning IKS



Melding om midlertidig bruksendring

Sogn Brann og Redning IKS

Postadresse:

Postboks 153, 6851 Sogndal

Telefon: 57 62 96 00

postmottak@sogndal.kommune.no

Org.nr. 996 629 880

1	Bygning for overnatting:		Gnr/Bnr:
	Adresse:		Postnr: Poststed:
	Rom:	Telefon:	Telefax:
2	<u>Undetegnedede erklærer herved at:</u> - arrangementet vil finne stad i medhald til opplysningar gitt i denne søknaden. - rømmingsvegar er lett tilgjengelige og fri for hindringar. - røyking og bruk av bar eld vil ikkje bli nytta i bygningen der arrangementet gjeld. - Ved overnatting vert nattevakt og overnattingsgjestar gjort kjent med branninstruks, rømmingsvegar, brannmeldarar, brannalarmsignal, sløkkeutstyr og bruken av dette før overnattinga tar til. - Alarmsentral Florø og overordna vakt informerast på tlf. 57 75 14 00/48 29 69 29, før arrangementet tar til.		
	Sted/ dato:	Underskrift ansvarleg leder for arrangementet:	
3	Ved overnatting skal nattevaktar fyllast ut!		
	Nattevakt:	Telefon:	
	Nattevakt:	Telefon:	
	Nattevakt:	Telefon:	
4	Tidsrom for arrangementet:	Tal brukarar:	
	Aldersfordeling frå/til:		
5	Arrangementstadens utforming visast på vedlagte teikning, påteikn alle deler og installasjonar med brannførebyggjande funksjon, samt rømmingsvegar		
	Teikning nr:	Målestokk:	Datert: Sist revidert:
6	Brannvernleiar:		Telefon:
	<u>Undertegnede erklærer herved at:</u> - arrangementet vil foregå i medhald av til opplysningar gitt i denne søknad. - bygningen der arrangementet finner sted er utstyrt med automatisk brannalarmanlegg. - rom/lokaler der arrangementet finner stad er utstyrt med røykdetektor tilknytta brannalarmanlegget. - frå rom/lokalar der overnatting finner stad, er det adgang til to uavhengige rømmingsvegar. - rømmingsvegar er merka med gjennomlyst eller tilstrekkelig belyst med markeringsskilt. - branninstruks og rømmingsplan er hengt opp på lett synleg stad. - ansvaleg leder/nattevakt gjørast kjent med branninstruks, rømmingsvegar, brannmeldarar, brannalarmsignal, sløkkeutstyr og bruken av dette før arrangementet tar til.		
Sted/dato:		Underskrift brannvernleiar:	